

Fiskeri- og kystdepartementet  
Boks 8118 Dep  
0032 OSLO

Sakshandsamar: Anne B. Osland  
Telefon: 46812338  
Seksjon: Forvaltningsseksjonen  
Vår referanse: 13/3664  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 19.04.2013  
Dykkar dato:

Att:

## HØYRING - UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILDELING AV LØYVE TIL HAVBRUK MED LAKS - AURE OG REGNBOGEAURE I SJØVATN 2013

Det vises til høyringsbrev dagsett 4.3.2013 med utkast til tildelingsforskrift for inntil 45 løyve for laks, aure og regnbogeaure. Vi viser og til tidligare kontakt i saka ved fleire høve vinteren 2013.

### KOMMENTARER TIL LØYSINGA

#### *Særreglar for særskilte områder eller særskilte grupper av løyve*

Høyringsbrevet og forskrifta legg opp til eit særskilt og finmaska opplegg for tildeling av nye løyve. Det er mellom anna tre ulike grupper av løyve, eit eige organ for vedtak i fyrste instans, innløysingsordning for eksisterande løyve, krevjande val av teknologi- og driftsmessige løysingar og fastsetjing av vilkår for å nå og sikre graderte risikoreduserande effektar av røming og spreining av lakselus i oppdrett, på miljøet.

Vi meiner prinsipielt at den beste metoden for å få redusert miljøutfordringane i akvakulturnæringa, er gjennom eit nasjonalt regelverk der alle aktørane må heve seg. Særreglar ved prioritering og strengare vilkår for drift i nokre løyver vil diverre ikkje gje den same effekten. Vår erfaring frå fleire tiår med landsomfattande runder for tildeling av nye løyve, som i kvart tilfelle har vore omfatta av særskilte tildelingsregime er at særreglar fører til auka forvansking og fragmentering av regelverket, problem med tilsynsoppgåvene og handtering av eventuelle brot på vilkåra jf § 18 andre ledd vil binde opp betydelege ressursar.

Dersom det likevel skulle vere tilstrekkeleg gode grunnar for å innføre særreglar, må desse vere klare og mogeleg å kontrollere. Slik er ikkje departementet sitt framlegg.

### *Vekting mellom miljørisiko frå lus og røming*

Direktoratet er kome til at det bør stillast obligatoriske krav for alle dei grøne løyva om grense for utslepp av lakselus. Dette betyr at §§11, 14 og 15 må sette opp sine respektive krav b) som obligatoriske, og at krava i a) kjem som mogelege, men ikkje obligatoriske tilleggskrav.

Argumenta for dette er fleire og vesentlege: Nyare overvåkingsresultat og vurdering av risiko peiker stadig tydelegare på at lakselus står for den vesentlegaste påverknaden frå oppdrett og at den har ein meir forutsigbar samanheng med oppdrettsverksemda sitt omfang, samanlikna med påverknad frå rømt fisk. Når det gjeld innslag av rømt laks i elvane rett før gyting så har det uveide snittet gått frå ca 35% i 1989 (då det vart produsert 111 000 tonn laks) til 12,8% i 2011 (då det vart produsert nesten 1 060 000 tonn laks). Det betyr at dei tiltak som har vore sett inn verker, og at risikoen for genetisk påverknad truleg går nedover.

Det er mogleg å lage objektive kriterium for utslepp av lakselus (og dermed regulere risiko for bestandsregulerande effektar av lus frå oppdrett). Det kan ikkje gjerast tilsvarende for rømingssisiko så langt vi kan sjå, og dette er i seg sjølv avgjerande grunn til at redusert rømingssisiko ikkje kan vere sjølvstendig kriterium.

### *Formål – ordlyd*

Ordlyden i utkast til føresegna kan lesast som ein ikkje legg vekt på førebygging av røming. Fiskeridirektoratet legg til grunn at løysingar som hindrar røming må óg vektast høgt, ikkje berre løysingar som primært har som siktemål å redusere negative miljøeffektar av fisk som har rømt. Risikoen må handterast på merdnivå slik at røming ikkje skjer, og ikkje etter at fisken har rømt. Departementet bør unngå å sende signal om at ambisjonsnivået når det gjeld rømingssikring kan senkast, så lenge ein reduserer miljøeffektane etter røming. Førebygging bør difor presiserast.

Skal Noreg nå si ambisjon om å vekse som sjømatnasjon, må røming haldast på eit så lågt nivå som råd, samstundes som ein aktivt avgrensar og avbøter eventuelle miljøkonsekvensar av røming. Samstundes er direktoratet ikkje i mot at avbøtande tiltak kan kome inn under ordninga, men då meir som ein tilleggsværdi.

### *Avgrensinga opp mot konvensjonelle løysingar*

Slik vi tolkar utkastet må ein vidare legge til grunn at verkeområdet for tildelinga må avgrensast mot konvensjonelle løysingar, jf det som på side 12 i høringsbrevet blir skildra som "dagens typiske oppdrettsanlegg" og "løysingar i vanleg kommersiell bruk". Kva som i denne samanheng må reknast for typisk eller vanleg har ei relativt klar kjerne, sjølv om det er store variasjonar mellom aktørane. Som kvalifiserings- og tildelingskriterium skaper likevel dette skjønnsstemaet store utfordringar. Ein kan til dømes spørje seg kor mykje ein ny løysing må fråvike det typiske og vanlige før vi kan seie at det kvalifiserer som "nytt og betre". Det er vidare uklart om det her er

snakk om ein fagleg og kvalitativ grense, som til dømes kan medføre at inntil 10 av dei 45 løyva ikkje vert delt ut dersom det ikkje er mange nok kvalifiserte søkarar.

Vi ser at dette spørsmålet kan kome opp i tilknytning til tolking av regelverk og praksis. Vil til dømes det å gå bort frå risikable (men for så vidt lovlege) løysingar kvalifisere som noko nytt og betre? Eit eksempel til illustrasjon er utfordringane vi har hatt med bruk av botnring - kjettingar, som dei seinare åra har vore tema i over halvparten av dei kjende rømingstilfella. Løysinga kan vere risikabel, men ikkje forbode.

Vil det å slutte med slike kjettingar eller forplikte seg til å ikkje nytte botnring - kjettingar, kvalifisere til grønt løyve? Ein kunne brukt andre liknande typetilfelle som døme.

### *Løyver i Finnmark og Troms*

Det er 20 av 35 løyve som skal tildelast i Finnmark og Troms, og 5 av løyva i kvart av desse fylka er øymerka mindre aktørar. Vi registrerar at talet 19 framleis er i bruk som grense mellom såkalla små og store aktørar, utan ei nærare fagleg grunngjeving for behovet av ei slik inndeling. Dette inneber likevel at ein i Troms berre har små aktørar fordi ingen eig fleire enn 19 løyve, mens ein i Finnmark har både store og mindre aktørar. I tidlegare fordelingar av nye løyve har ein ofte sett at store aktørar deltek i nye og små selskap med mindre aksjepostar, for så seinare å overta desse 100%. Denne grensa har truleg ei sær avgrensa om nokon reell verdi.

I høyringsbrevet er instansane også bedne om å gi merknader til nokre særskilte problemstillingar, mellom anna ein klausul om moglegheitene for omsetnad av løyve tildelt "mindre aktørar". Våre erfaringar frå de seinaste tildelingane tilseier at det er lett å kome rundt slike klausular gjennom private avtalar og tilsvarende vanskeleg for myndigheitene å føre tilsyn med.

Sjølv om det betyr at ein kanskje undergrev noko av formålet i § 11 2 ledd så trur vi likevel ikkje at ein slik klausul har noko reell verdi og sluttar oss til departementets forslag. Det viktige er at det samstundes vert presisert i høyringsbrevet at dei vilkår som elles vert fastsett for drift - og teknologiløysingar vil fylgje løyva, også om det einskilde løyvet får ny eigar.

### *Tildelingsmynde - faggruppa*

Det må gjerast ei lik og heilskapleg vurdering av dei einskilde søknadane. Det inneber at faggruppa må ha brei og samansett kompetanse. Det vil vere viktig for at dei skal kunne gjere ei kritisk og realistisk vurdering av mellom anna innhaldet i søknaden i forhold til § 5 b) i forskrifta om korleis myndigheitene skal kunna føre tilsyn, og som evne å fastsetje gode vilkår som lar seg kontrollere.

Vi trur dette vil vere ei sær krevjande oppgåve, både fordi forskrifta i seg sjølv er komplisert og fordi det ligg i saka si natur at søknadane som kjem inn i denne runda vil verte omfattande med mykje nytt innhald, samanlikna med ordinære søknader.

Det er søkjarane som skal gje alle relevante opplysningar. Merknadane strekar under at det er vesentleg at søkjar legg ved god og grundig dokumentasjon fordi det er den som er avgjerande for kven som vinn fram. Høyringsbrevet kunne med fordel gitt nokre eksempel for å setje ein viss standard for kva type dokumentasjon som vil vere god nok. Samstundes er det positivt at søkjarane skal dokumentere kva slags effekt som skal kome ut av den omsøkte løysinga, anten det går på teknologi eller driftsopplegg. Dette vil tvinga søkjarane til å vere realistiske og vil kanskje også gjere det tydelegare kva for prosjekt som fell inn under denne tildelingsrunda. Og samstundes avklare kva slags søknader som eignar seg betre for eit forskingsløyve, i og med at denne grensa framleis synes noko uklar. Dette kjem vi tilbake til.

Fiskeridirektoratet hadde helst sett at høyringsdokumenta jf pkt. 4.4 også hadde sagt noko meir utfyllande om rollefordeling og arbeidsopplegg mellom faggruppa og Fiskeridirektoratet si funksjon som sekretariat for denne. Vi ynskjer å kome med innspel i arbeidet med utarbeiding av instruksen for faggruppa si verksemd.

I pkt. 4.3 om krav til søknaden går det fram at søknadar som ikkje stettar krava i føresegna vil verte avviste av tildelingsmyndigheita, med andre ord faggruppa. Dette til forskjell frå at søknaden ikkje når opp. Vedtak om avvisning er enkeltvedtak etter forvaltingslova som også kan klagast på, og vi legg til grunn at det er Fiskeri- og kystdepartementet som også vil verte klageorgan for klage på vedtak om avvisning.

### *Offentleggjing av konsept og teknologiske løysingar – grenseflate mot forskingsløyve*

Eit anna sentralt prinsipp som departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på er om dei einskilde konseptane som søkjarane legg til grunn i søknadane skal vere open for andre i næringa og allmenta. Dette er ei problemstilling med høg aktualitet i og med at fokuset for tildelinga er sett på teknologiske og driftsmessige løysingar som skal gje ein miljømessig gevinst og som skal vere noko anna enn det som er i vanleg bruk i dag. Dette spørsmålet bør også sjåast i samanheng med spørsmålet om kva som er grenseflata mellom desse løyva og dei løyva som vert gitt til forskning og utvikling.

Denne grensa står fram som uklar, og særleg mot dei 10 løyva (gruppe C) som stiller krav til ein "vesentleg meir miljøvennleg" løysing enn dei som er i "alminnleg kommersiell bruk". Det vert presisert at forskingsløyve er ordninga for "meir uprøva løysingar". Verkeområdet for tildelinga er difor løysingar som er dokumenterte og utprøvd i vesentleg grad.

I direktoratet sin mangeårige handsaming av søknader om forskingsløyve har det vore ein sentral premiss at løysingar og dei resultat som kjem ut av forskingsprosjekta skal kunne kome alle til gode. Eit anna aktuelt døme er den nye § 55 andre ledd i akvakulturdriftsforskrifta der ein kan gje dispensasjon til å drive

med ei individvekt opp til 1000 gram for setjefisk. Også her er målet å vinne erfaring og kunnskap om nye produksjonsformar og teknologi. Her presiserar føreseigna at dette skal delast og komme heile næringa til gode. Vi meiner at dette er minst like viktig å leggje til grunn for dei som vinn fram i konkurransen om grønne løyve. Tiltaka som etter vårt syn bør premierast gjennom ordninga er tiltak som kan delast med næringa, og som legg til rette for styrking av regelverk og praksis.

Vi trur óg at prinsippet med full openheit vil vere viktig av di vedtaka i fyrste instans skal gjerast av ei særskilt oppretta faggruppe som truleg vil eksistere berre ein kort periode. Vidare vil openheit og innsyn vere viktig fordi det for mange står som uklart kva skilnad det er mellom premissane for desse kommersielle løyva og dei premissane som ligg i botn for tidsavgrensa forskingsløyve.

Samstundes er det ei kjensgjerning at dette ikkje er ei enkel avveging, mellom anna fordi truleg fleire av søkjarane er børsnoterte selskap og detaljopplysningar om drift kan vere såkalla børs sensitiv informasjon. Uansett er det viktig at selskapa blir pålagde å rapportere drift og resultat til myndigheitene slik at drifta blir mogleg å føre tilsyn med, dette gjeld i forhold til ei lang rekkje omsyn, både etter akvakulturlova, men og etter matlova og dyrevelferdlova. I høyringsbrevet er det påpeika at det likevel er mogleg å få eit immaterielt vern gjennom å få innvilga anten eit produkt- eller anvendelsepatent. Søkjaren må i så fall ha sytt for slikt patentvern i forkant av innsending av søknaden og patentvernet må la seg dokumentere.

### *Kor mange løyve per søkjar*

Departementet ber om kva syn høyringsinstansane har på om det skal leggjast eit tak på kor mange løyve som kan tildelast ein einskild søkjar.

Fiskeridirektoratet sitt syn er at det primært må vere dei betre konseptane som må vinne fram fordi det truleg vil gje størst miljømessig vinst. Vi har soleis ikkje merknader til teksten i høyringsbrevet.

### *Innløysing*

I forskrifta § 7 er det gjort greie for sjølve innløysingsordninga som vi ikkje har merknader til. I § 7 2 ledd er det foreslått at vilkåra for vidare drift i dei innløyste (eksisterande) løyva som inngår som føresetnad for tildeling av løyva i gruppe A og B, først skal trå i kraft to år etter vedtak om innløysing. Innløysing er når løyvedokumentet skrivast ut, jf § 8 3 ledd.

Høyringsbrevet ber om syn på dette. Fiskeridirektoratet finn det vanskeleg å sjå kva faglege/biologiske/driftsmessige vurderingar som legg bak forslaget om nettopp to år. Fiskeridirektoratet vil derimot gjere framlegg om at nytt løyve ikkje kan takast i bruk før innløyst løyve fyllar "dei grønne vilkåra". Dette er i samsvar med grunngjevinga for ordninga med grønne løyver, og gir ein sterk motivasjon.

### *Kriterium for val av søkar*

Departementet ber og særskild om høyringsinstansane sitt syn på utforminga av kriteria. Vi merkar oss at kriteria for de 10 regionuavhengige løyva er strengare utforma enn dei andre 35 løyva, men utan at dette er nærare gjort greie for. Ved tildeling av dei uavhengige 10 løyva treng aktøren ikkje å veksle inn eit eksisterande løyve. Men om konseptet til dømes er å gjere bruk av steril laks, så vil dette som risikoreduserande tiltak gje mindre effekt for desse 10 enn dei andre 35 løyva.

Grensegangen for utprøving med omsyn til feiling eller suksess i kommersiell skala kan ha særsmå marginar. Ein søkjar kan argumentere for at han kan forplikte seg til maks 0,2 kjønnsmodne holus per fisk til ei kvar tid, noko anna er korleis ein kan setje dette opp mot andre som kan ha skissert noko mindre eller eit høgare tall. Ei viktig saksopplysing i forkant av val av søkjar kan vere å få inn tall frå søkjar om miljøstatus på lus for til dømes dei siste 5 åra. Mattilsynet vil og kunne seie mykje om dei ulike aktørane i ei slik vurdering.

Ein diskusjon om kriterium for val av søkjarar dreier seg også om kompetansen hos dei som vel og det viktige i å sikre eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag for dei prioriteringar som faggruppa skal gjere.

Faggruppa, som skal tildele tilsegna om løyve, skal ikkje vurdere forhold på lokalitetsnivå. Dette skal gjerast seinare i tilknytning til klarering. Samstundes er det logisk å tru at dei teknologiske og driftsmessige løysingane som utgjer det vesentlege i desse søknadane og som er utgangspunktet for dei vala som faggruppa skal gjere, er nært knytt til nettopp forholda på lokalitetane. I nokre av dei tidlegare rundane med nye løyve så har dette synt seg problematisk, særleg for aktørar som har ynskt å nytta lokalitetar som ikkje fekk klarering. I evaluering av tidlegare rundar har dette vore påpeika av så vel Mattilsynet som einskilde fylkesmenn sine miljøvernavingar.

Erfaringar frå tidlegare tildelingar av nye løyve tilseier óg at det kan vere særsvanskeleg å knytte særtilkår til desse, fordi havbruksnæringa fortløpande søker å optimalisere struktur og driftsopplegg. Tilsyn med vilkåra for drift som setjast etter § 10 i forskrifta er oppgåver som etter akvakulturregelverket mellom anna ligg til Fiskeridirektoratet sine regionar.

For gruppe A og B er det presisert at dei teknologiske og driftsmessige løysingane skal gje ein reduksjon i miljøutfordringar knytt til rømning og lus. For gruppe C er det same vilkår, men her er det sagt at miljøutfordringane skal verte vesentleg reduserte. Vi kan ikkje sjå anna enn at det i høyringsdokumentet pkt. 7.2.1 er brukt ei rekkje ord som opnar for skjønsmessige vurderingar. Men det er framleis vanskeleg å sjå kva skilnadene mellom reduksjon og vesentleg reduksjon er. Korleis ein graderer reduksjon i miljøutfordringane er det ikkje gitt noko haldepunkt for,

bortsett frå at landbaserte anlegg og bruk av steril fisk er nemnd som døme på det som truleg vil ha mindre risiko for gje negative miljøeffektar.

Slik vi oppfattar det vil truleg resultatata vere at mange søknadar vil liggje svært nært opp til dei ordinære søknadane om forskingsløyve, utan at føresegna stiller liknande krav til dokumentasjon og etterprøving. Kravet om "vesentleg" tilseier at ein bør stille svært strenge krav til dokumentasjon og transparens samt ha særst høgt detaljnivå i fastsetjing av vilkår og om vilkåra for tildeling er oppfylt i driftsfasen. Dette vil vere med på å gjere faggruppass oppgåver enda vanskelegare, og det vil også få konsekvensar for direktoratet og Mattilsynet sitt tilsyn.

Direktoratet er kome til at det bør stillast vilkår med obligatoriske krav for alle løyver med omsyn til utslepp av lakselus. Det er mogleg å lage objektive kriterier for utslepp av lakselus (og dermed regulere risiko for bestandsregulerande effektar av lus frå oppdrett).

Det er også positivt at forskrifta presiserer at for alle grupper gjeld at dei valte tekniske løysingane som skal gjelde, skal vere knytt til anlegget eller heile biomassen i anlegget.

I høyringsdokumenta opnar departementet for at slike vilkår kan stillast i samband med lokalitetsklareringa, men vi meiner det er nødvendig å sette slike vilkår i sjølv løyvet. Dette vil sikre at fylkeskommunane som skal klarere lokalitetar, får dette som eit klart utgangspunkt.

### **NYTEK**

Vi er einige i departementet sine synspunkt om at det viktig å stimulere til utvikling av betre teknologi og driftsløysingar, for å redusere miljøutfordringane i akvakulturnæringa.

I høyringsdokumentet gjer ein greie for at forskrifta er teknologinøytral i si utforming og den skal også fungere ved bruk av utradisjonelt utstyr. Det inneber at den også kan handtere komponentar som vi ikkje har særleg kunnskap om i dag.

Departementet ber likevel om tilbakemelding på om ein bør opna for å gjere unntak frå krava i Nytek – forskrifta. Fiskeridirektoratet sitt syn er at det ikkje er tilrådeleg og heller ikkje naudsynt for å nå målet med denne tildelinga. Det er vår vurdering at muligheitene til innovasjon er tilstrekkeleg til stades, i og med ordlyden i Nytek-forskrifta § 13 fjerde ledd.

### **Tilsynsutfordringar**

I § 5 om innhald i søknaden går det fram i § 5 b) at søkjar må dokumentere korleis "*myndighetene eller tredjepart kan føre tilsyn med løysinga.*" I merknadane er det sagt at det er "*myndighetene og/eller tredjepart som kan føre tilsyn med at den løysinga som er foreslått har den effekten som søkjar meiner den skal ha*". Vi legg til grunn at det er

og/eller som er meint, men formuleringa bør vere lik i både forskrift og merknadar. Det er ikkje sagt noko om kven ein eventuell tredjepart er og vi er avventande til om det er departementet si hensikt å overlata tilsynsoppgåvene til andre enn tilsynsmyndigheitene. I alle fall må det klargjerast kva og kven som kan vere ein tredjepart i dette tilfelle. Vi ser ikkje vekk frå at det kan vere nødvendig å innhenta konsulenthjelp i nokre tilfelle, men vår oppfatning er at det må vere fiskerimyndigheitene sitt ansvar.

I § 16 slår ein fast at det er Fiskeridirektoratet som skal føre tilsyn med dei fastsette vilkåra om rømming etter §§ 7 og 10. Dette er eit argument for at Fiskeridirektoratet bør få kome med råd om dei vurderingar som skal gjerast når ein sett vilkår med heimel i desse føresegna. Vi legg til grunn ei tilsvarande rolle for Mattilsynet i høve til lakselus.

#### **UTKASTET TIL FORSKRIFT**

Ei rekke av dei forslaga til forbetringar som vi tidlegare har kome med er tatt inn. Vi synes likevel at forskrifta framleis er nokså tungt tilgjengeleg og enkelte paragrafer er unødig tungt formulerte.

#### **§ 2. Verkeområde**

Her er ein liten skrivefeil mot slutten, "*35 tidlegare gjevne løyve.*" Skal være *tidlegare*.

#### **§ 11. Tildeling av løyve i Finnmark**

Kapittel II – Gruppe A gjeld for Finnmark og Troms. Samstundes tyder overskrifta til § 11 at den berre gjeld for tildeling av løyve i Finnmark. Rett overskrift bør vel være § 11. *Tildeling av løyve i Finnmark og Troms*. Både tredje og fjerde ledd har framleis tungt språk, og kan såleis vere med gjere det uklart kva som skal prioriterast.

#### **§ 14. Vilkår for prekvalifisering og fordeling av løyve**

I tredje ledd er siste setning om klageinstans overflødig, jf § 6 som seier det same.

I fjerde ledd første setning vises det til andre ledd, mens det rette skal vere tredje ledd.

#### **§ 15. Tildeling av løyve uavhengig av region.**

Denne er tilsvarande som § 11 særst tungt formulert og vanskeleg tilgjengeleg. I fjerde ledd legg det opp til at i prioriteringane skal vektleggast særskilt at det vil vere forsvarleg å nytte dei løysingane som skisserast. Mens ein i § 11 femte ledd seier at søknader som ikkje det vil vere forsvarleg å bruke, ikkje skal prioriteras. Med andre ord skal slike søknader etter ordlyd i § 11 ekskluderast, mens teksten i § 15 ikkje i same grad legg opp til slik ekskludering. Det står heller ikkje noko i høyringsbrevet som klargjer dette eller utdjupear forskjellen mellom ordlyden i dei to paragrafane.



Slik ordlyden er i akvakulturlova §§ 10 og 12, legg vi til grunn at det er teksten i § 11 som er den riktige.

#### § 17. Søksmålsfrist

Her gis heimel for ein 6 månaders søksmålsfrist etter at vedtak om tildeling er fatta. Denne er ikkje heimla i akvakulturlova slik denne er i dag. Det er rett nok eit forslag som har vært på høyring, men som truleg vert vedteke etter fastsetting av forskrifta.

#### § 18. Reaksjonar, sanksjoner og tilbaketrekking

§ 18 andre ledd i høyringsutkastet viser til akvakulturloven (§ 9) og gir heimel til å trekke tilbake løyvet blant anna ved grove eller gjentekne brot på vilkåra, eller dersom vilkåra ikkje vert innfridd innan rimelig tid etter at tilsegn er gitt. Her er det viktig å minne om at lovens § 9 ikkje gir heimel til å trekke tilbake eit løyve med ei *pønal grunnngjeving*, jf Ot.prp. nr 61 (2004-2005) side 63 som seier at formålet med føresegna ikkje er å straffe, men å forhindre framtidige lovbrot. Her må forslaget gjerast om.

### AVSLUTTANDE MERKNADAR

Det er framleis vår oppfatning at det er sær s høg prosessrisiko ved dette tildelingsopplegget. Forskrifta legg opp til ei grunnleggjande komplisert forvaltningsordning.

Vi har sær s avgrensa innflytelse på opplegget for tildelingsrunda og premissane for denne, men vi skal ha rolla som sekretariat for ei faggruppe som skal fatte vedtak i første instans. Faggruppa skal ha ei avgrensa varigheit, og Fiskeridirektoratet vil soleis lett kome i ein vanskeleg posisjon i etterkant når organet er oppløyst og eventuelle klagar og søksmål kjem. Vidare skal vi framleis gje råd til fylkeskommunane som skal utstede løyvedokument og der fastsetje føresetnader, vilkår med vidare.

Kompliserte ordningar vil som regel óg bety at avgjersler tek lang tid.

Høyringsdokumentet under *Vidare prosess* på side 3 gjev uttrykk for departementet si ambisjon om at det meste av førsteinstanshandsaminga skal verta ferdigstilt før året er ute. Forslaget legg opp til at fylkeskommunane kan byrja sitt arbeid med å klarere lokalitetar når det ligge føre endeleg tilsegn om løyve. Samstundes inneber forslaget i § 8 at sjølve løyva ikkje kan skrivast ut før Fiskeri- og kystdepartementet har avgjort alle klagar i den aktuelle gruppa.

Sidan det for 35 av dei 45 løyva er krav for å få tilsegn om løyve at eit eksisterande løyve vert innløyst, og begge skal ha dei same vilkåra i nytt løyvedokument, så betyr dette ei stor saksmengd. Det er også grunn til å tru at dei ulike statlege sektormyndigheitene som skal handsame eventuelle søknadar om klarering av

lokalitetar vil finne det meir krevjande å ta stilling til innhaldet i dei teknologiske og driftsmessige løysingane som vil vere ulike frå det som i dag er i alminneleg kommersiell bruk.

Sjølv om det legg opp til ein grad av parallell handsaming, så er det ein reell risiko for at det kan verta vanskeleg å nå eit utsett av fisk våren 2014. Noko som truleg er særst viktig for næringa, sett i lys av dei vederlag og investeringar som her er snakk om.

Vi kan heller ikkje unnlata å peike på at i mykje større grad enn tidligare så er det, særleg for søkjarane i gruppe A og B vanskeleg å vite kva som kan verte konsekvensen, både på kort og lang sikt, av å søkje og ikkje minst få ein av desse grønne løyva og dermed gå inn på ein vekslingsordning, noko som gjev endra vilkår med omsyn til drift og lokalitetsbruk. Denne manglande avklaringa av konsekvensane framover vil også gi usikkerheit for forvaltnings- og tilsynsmyndigheitene.

Med helsing

Liv Holmefjord  
Fiskeridirektør

Jens Chr. Holm  
Direktør

*Dette brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Kopi til:**

Region Finnmark	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Region Møre og Romsdal	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Region Nordland	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Region Troms	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Region Trøndelag	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN